



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

DEN OFFENTLEGE TANNHELSETESTEN I HORDALAND (DOT)

DOT har ca. 150 tannlegestillingar, over 400 tilsette på 80 tannklinikkar, fordelt på 9 distrikt. DOT gir tenester til alle grupper pasientar, inkl. betalande vaksne.

Vi kan tilby:

- Arbeid ved moderne utstyrte klinikkar.
- Ei moderne og framtidsette IT-løysing med tilgang til internett og e-post. I løpet av 2003 vil alle våre klinikkar ha fått innført OPUS som journalsystem. Vi er også i ferd med å innføre digitalt røntgen på våre klinikkar.
- Konkurransedyktig løn.
- Bonus-/provisjonsavtale er f.t. under reforhandling.
- Omfattande tilbod om faglege kurs.
- I distrikta: hjelp til å skaffe bustad.

VOSS/HARDANGER TANNHESEDISTRIKT

(Kommunane Voss, Odda, Kvam, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin og Jondal)

1/1 fast stilling som tannlege er ledig. Tenestestad er f.t. tannklinikken Lofthus, Ullensvang kommune.

Det blir gitt eit rekrutteringstillegg på kr. 20.000 årleg dei 2 første åra. Rekrutteringstillegget blir utbetalt ved tiltreding med 1 års bindingstid. Ved inngang av 2. arbeidsår blir utbetalt eit nytt tillegg med tilsvarande bindingstid. Dersom den tilsette sluttar før bindingstida er omme, må utbetalt tillegg attendebetalast i høve resterande bindingstid.

Stillinga gir dobbel konkurranseansiennitet etter 3 år ved søknad på annan stilling i DOT-Hordaland.

Vikariat i 1/1 stilling som tannlege er ledig. Vikariatet varer f.o.m. 08.06.2003 t.o.m. 08.05.2004. Tenestestad er f.t. tannklinikken Ulvik.

Opplysningar om stillingane får ein hos overtannlege Per David C. Søhoel, tlf. 56 55 93 90.

YTRE MIDTHORDLAND TANNHESEDISTRIKT

(Kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden)

Vikariat i 1/1 stilling som tannlege/klinikkjef er ledig. Vikariatet varer f.o.m. 04.06.2003 t.o.m. 01.06.2004. Tenestestad er f.t. tannklinikken Florvåg, Askøy kommune.

Om intern søkjar frå distriktet blir tilsett, kan det bli ledig vikariat som tannlege ved annan klinikk i distriktet.

Opplysningar om stillinga får ein hos overtannlege Helge Schroeder, tlf. 56 15 26 50.

BERGEN TANNHESEDISTRIKTER

1/1 fast stilling som tannlege/klinikkjef er ledig med tiltreding snarast. Tenestestad er f.t. tannklinikken Sandviken.

Om intern søkjar frå distriktet blir tilsett, kan det bli ledig stilling som tannlege ved annan klinikk i Bergen tannhese-distrikter.

Opplysningar om stillinga får ein hos overtannlege Eileen Nøtsund, tlf. 55 285012.

Meir om stillingane i DOT:

Løn etter avtale.

Ny klinikkplan for DOT-Hordaland er under utarbeiding. For nokre av stillingane kan det bli aktuelt å flytte arbeidsstad til tannklinikkar i nærleiken.

Deler av flytteutgiftene kan bli dekkja etter dei reglar som gjeld i fylkeskommunen.

Dersom det blir aktuelt med kvelds-/laurdagsopne tannklinikkar, vil desse stillingane måtte ta del i ei slik arbeidsordning.

Det er ein føresetnad at dei som blir tilsette har norsk autorisasjon som tannlege og kan uttrykke seg lett forståeleg på norsk, svensk eller dansk.

Dei som blir tilsette må leggja fram tilfredsstillande attest frå skjembildeundersøking og tuberkulinkontroll før tiltreding.

Søknaden må innehalde opplysningar om telefon på dag- og kveldstid, tidlegare praksis, attestar, vitnemål og referansar med telefonnummer.

Ved søknad på fleire stillingar er det ønskjeleg at søkjar prioriterer.

Evt. søknadsskjema kan ein få frå overtannlegen.

Søknadsfristen er 23.04.2003.

Søknad skal sendast til Fylkestannlegen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Sjå og våre internettsider: <http://fyt.ivist.n>